

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/296-23

Budsjett / økonomiplan 2017-2020

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20».
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjett skjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2017
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
Sum frie disponible inntekter	2394,775
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutgifter, provisjonar og andre finanseringsutgifter	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
Netto finansinntekter/utgifter	-114,160
Til dekking av tidlegare reknskapsmessig meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	59,626
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknskapsmessig mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	9,340
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-50,286
Overført til investeringsbudsjettet	18,900
Til fordeling drift	2211,429
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2211,429
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2017
400	POLITISK STYRING	45,191
410	KONTROLL OG REVISJON	4,529
420	ADMINISTRASJON	79,791
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,419
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	5,980
460	TENESTE UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	10,875
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,818
	SUM FORVALTNING	173,278
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,008
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
520	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
521-532	UTDANNINGSPROGRAMMA	334,036
554	FAGSKULE	24,961
559	LANDSLINER	5,067
561	OPPFØLGINGSTENESTA TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208
562	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
581	VAKSENOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
590	ANDRE FØREMÅL	9,415
	SUM OPPLÆRING	849,063
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,200
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	SUM TANNHELSE	81,531
701	TILRETTEL./STØTTEF./FINANSIERINGSBISTAND FOR NÆRINGSLIVET	83,217
716	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
740	BIBLIOTEK	5,779
750	KULTURMINNEVERN	12,090
760	MUSEUM	15,469
771	KUNSTFORMIDLING	9,912
772	KUNSTPRODUKSJON	11,952
775	IDRETT	2,756
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	SUM NÆRING og KULTUR	151,369
722	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	536,585
730	BILRUTER	239,829
731	FYLKESVEGFERJER	129,949
732	BÅTRUTER	94,719
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,506
	SUM SAMFERDSLE	1011,588
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-55,400
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2211,429

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordelinga av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber slik finansiering og sektorfordeling:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekkka	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	548,011
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsettingar	22,500
Sum finansiering	548,011
Udekkka/udisponert	0,000

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
Sum fordelt - frå 2A	548,011

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Vedlegg:

1. Finansutvalet sitt framlegg til Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20
2. Saksframlegg og protokoll frå KU-sak 38/16
3. Oversikt over disponible fondsmidlar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Arbeidsdokument 4/16-6/16
2. Saksframlegg og protokoll frå FT-sak 26/16; Økonomiplan 2017-20

-

-

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet la 2. november fram sitt framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Dette dannar grunnlaget for den vidare politiske slutthandsaminga. Dokumentet følgjer som vedlegg 1.

Tilrådingane i denne saka baserer seg på finansutvalet si handsaming av arbeidsdokumenta 4/16-6/16. Desse er tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside – sfj.no – under politiske saker.

Talgrunnlaget er vidare konsekvensjustert for fylkesrådmannen sine tilrådingar i FT-saker som vert behandla parallelt med denne saka. Dersom det vert endringar frå tilråding til endeleg vedtak – som får økonomiske konsekvensar - vert endringane innarbeidd i endeleg talmateriale.

I tillegg har fylkesrådmannen gjort nokre endringar som er innarbeidd i framlegg til budsjett 2017/ økonomiplan 2017-20. Desse endringane er kommenterte nedafor.

Auka løyving til juridisk bustand

Fylkesutvalet vedtok i FU-sak 102/16 at det skal gjerast ei vurdering av den fylkeskommunale eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi. Naudsynt finansiering av arbeidet skulle fylkesutvalet kome attende til.

Fylkesrådmannen har i dette framlegget innarbeidd ei rammeløyving på 4 mill. kr til dette arbeidet i 2017. Løyvinga vert finansiert av midlar frå bufferfondet. Budsjettet til juridisk bistand samt bruk/ avsetting til fond er som ein konsekvens av dette blitt endra.

Fagskulen i Sogn og Fjordane – redusert ramme

Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering av det samla tilskotet til fagskulen. Løyvinga til skulen vart auka med 2,8 mill. kr som følge av auka statleg tilskot i statsbudsjettet. I tillegg er den fylkes-kommunale løyvinga prisjustert. Det statlege tilskotet vert berekna utifrå elevtalet for to år sidan.

Fylkesrådmannen tilrår at auken i statstilskotet i 2017 vert sett i samanheng med utviklinga i både statleg og det fylkeskommunalt tilskot til skulen dei siste åra. Det statlege tilskotet vart vesentleg redusert frå 2013-14. Den fylkeskommunale løyvinga vart då auka med 2,1 mill. kr for at skulen skulle ha føreseielege rammer. Etter dette har den fylkeskommunale løyvinga vore på om lag 12,5 mill. kr årleg.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det no er grunnlag for å redusere det fylkeskommunale tilskotet i 2017. Den samla ramma til fagskulen vert vidareført på 2016-nivå, justert for løns- og prisvekst. Dette er i tråd med vurderingane som vart gjort då endringa i det statlege tilskotet gjekk motsett veg i 2013/2014. Det fylkeskommunale tilskotet i 2017 vert etter denne justeringa på 10,4 mill. kr. Den fylkeskommunale løyvinga er framleis på eit høgt nivå samanlikna med kva andre fylkeskommunar løyver til sine fagskular.

Fylkesrådmannen tilrår ein reduksjon i den fylkeskommunale løyvinga til skulen på 2,5 mill. kr i 2017-20, slik at samla tilskot vert 24,961 mill. kr.

Opplæringssektoren - omdisponering av midlar

Fylkesrådmannen tilrår at dei tilgjengelege midlane som følgje av reduksjonen i tilskot til fagskulen vert nytta til å styrke andre område på opplæringssektoren.

Utgifter til lokale

Det er forventa at fylkeskommunen vil få ein auke i husleigeutgiftene knytt til vidaregåande opplæring. *Teneste 5100 Utgifter til lokale* vert difor tilrådd auka med 1 mill. kr årleg frå 2017.

Anslagsløyvingar i opplæringssektoren - avsett «buffer»

I budsjettet til opplæringssektoren er det avsett ein «buffer» som skal nyttast til å dekke ev. meir-kostnader knytt til anslagsløyvingar. Fylkesrådmannen tilrår at «bufferen» vert auka med 1,5 mill. kr årleg frå 2017. Denne auken skal nyttast i høve ev. auka kostnader i samband med fritt skuleval som vert innført frå skuleåret 2017/18.

Samferdslesektoren – Endring av økonomisk ramme

I framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 har finansutvalet tilrådd å reversere samferdsle-sektoren sitt innsparingskrav med 3,9 mill. kr i 2019 og 5,7 mill. kr i 2020. Vidare vart det gjort ei ny vurdering av vedtekne innsparingstiltak på sektoren. Tiltak i høve hovudutval for samferdsle (HS) sitt nye nivå 1, jf. HS-sak 40/16, samt andre varige innsparingar på kollektivområdet, er no innarbeidd. Vidare har sektoren fått eit uspesifisert innsparingskrav på 14,3 mill. kr i 2019 og 2020.

Med dette framlegget til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 vert innsparingstiltak knytt til utgreiing #45 Driftsstandard på fylkesvegnettet førebels ikkje sett i verk.

Framlegget frå finansutvalet har også ført til justeringar i talgrunlaget på dei fleste program-områda på sektoren. Talmaterialet er som følgje av dette blitt konsekvensjustert.

Kontrollutvalet (KU) sitt budsjett/økonomiplan

KU utarbeider framlegg til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette skal følgje budsjettframlegget til fylkestinget, jf. § 18 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. KU handsama i sak 38/16 framlegg til eige budsjett for 2017/økonomiplan 2017-20. Saksframstillinga og protokoll frå KU-sak 38/16 følgjer som vedlegg 2.

Oversikt over disponible fond

Finansutvalet ønskja ei oversikt over kva disponible fondsmidlar fylkeskommunen har. Denne oversikta vert presentert i vedlegg 3.